

Kulturplan

Radøy kommune



2011 - 20

Godkjent av
Radøy kommunestyre
07.04.2011



Innhold

1. Innleiing	3
2. Overordna målsetjingar	4
3. Kulturarbeid i offentleg sektor	5
3.1 Kulturadministrasjonen	5
3.2 Musikk- og kulturskulen	6
3.3 Radøy Bibliotek	7
3.4 Radøyhallen.....	8
3.5 Frivilligsentralen	9
4. Frivillig sektor	10
5. Kultur for born og unge.....	12
Status og utfordringar	12
6. Kunst- og kulturformidling.....	14
7. Kulturvern.....	16
7.1 Kulturminnevern (materielt kulturvern).....	16
7.2 Immaterielt kulturvern.....	18
8. Kultur og natur.....	19
Vedlegg 1: Større oppgåver og prioriteringar i planen	20
Vedlegg 2: Oversikt over lag, organisasjoner og forsamlingshus i Radøy kommune	21

Forord

I samband med budsjetthandsaminga for 2010, vedtok kommunestyret i møte 26. november 2009 at det skulle utarbeidast ein kulturplan for Radøy kommune. I møte i formannskapet 14. januar 2010 vart det vedteke at rådmannen skulle oppnemna ei arbeidsgruppe på administrativt nivå, og at formannskapet skal vera styringsgruppe for kulturplanen.

Rådmannen utnemnde ei arbeidsgruppe med rådmann Christian Fotland, assisterande rådmann Leif Taule, leiar for sørvistortget Lin Tove Thomassen, arkivleiar Bente Hervik og rektor i musikk- og kulturskulen Ann Christin Hoen. I tillegg vart det i møte i formannskapet 25. februar oppnemnd ei referansegruppa med 16 medlemer frå råd, lag og organisasjoner i kommunen. Referansegruppa har hatt eitt møte, og elles vore høyringsinstans for planen.

I møte i formannskapet 7. oktober 2010 vart det vedtatt å leggja utkast til kulturplan ut på høyring. Det kom inn 13 uttalar til planen. For å gje endå fleire høve til å uttala seg, vart det i tillegg invitert til folkemøte 2. februar.

Kulturpolitikken i kommunen må leggja til rette for utvikling av kulturlivet med utgangspunkt i dagens samansette kulturbilete. Aktive frivillige lag og organisasjoner er navet i kulturbiletet i Radøy. Den kanskje viktigaste oppgåva i framtida vert å halde vedlike dette engasementet.

Kulturplanen til Radøy kommune er ein offensiv plan der ein ikkje har vore redd for å ta med oppgåver og arbeidsfelt som vert krevjande og utfordrande å få til.

Kulturplanen omtalar status og utfordringar innanfor dei ulike områda.

På mange område har kommunen eit offensivt og aktivt kulturliv, på andre område har kommunen utfordringar som må gripast tak i. Denne planen set opp mål og tiltak innanfor dei ulike områda og på den måten vil ein freista å utvikle kommunen ytterlegare slik at me framleis kan kalle oss for ein aktiv og god kulturkommune.

Manger 21. februar 2011

Christian Fotland

Rådmann

Leif Taule

Assisterande rådmann

Ann Christin Hoen

Rektor Radøy musikk- og Arkivleiar
kulturskule

Bente Kopperdal Hervik



1. Innleiing

Radøy kommune vart i 2004 kåra til Årets kulturkommune i Hordaland, og var også blant dei tre kommunane som var nominerte til tittelen Årets kulturkommune i Norge i 2005. Ein slik tittel er ein heider til kommunen, lag, organisasjonar og frivillige som kvar dag arbeider for å utvikla kulturlivet i kommunen. Men like mykje er det ein tittel som forpliktar, og ein tittel som er noko å leva opp til og strekka seg etter. Denne kulturplanen tar difor utgangspunkt i at ambisjonsnivået innan kulturfeltet skal haldast oppe, og at Radøy også framover skal kunna kalla seg/titulera seg som kulturkommune. For å få dette til må ein ha eit inkluderande, mangfaldig kulturliv som engasjerer alle aldersgrupper og som skapar ynskje om å bidra.

Det såkalla utvida kulturomgrepet ligg til grunn for planen. Det vil seiå at omgrepet kultur, slik det er nytta her, omfattar både tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk, lag og foreiningar, det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensande samfunnsområde.

Kulturplanen tar utgangspunkt i dei einingane og kulturygga som kommunen sjølv har driftsansvar for. For å kunna sjå kulturarbeidet og den kulturelle infrastrukturen i kommunen i samanheng, omhandlar planen også samhandling med andre private og offentlege aktørar, kulturarbeid i frivillig sektor, og kulturminne i privat eige.

Kulturplanen skal vera eit strategisk verktøy for vidareutvikling av kulturarbeidet i Radøy kommune. For å få det til, har ein valt å vera mål- og handlingsorienterte. Planen inneheld meir enn 200 tiltak ein ynskjer å gjennomføra dei neste ti åra. Ein del av punkta er tiltak som vil ha eit kontinuerleg fokus, ein del tiltak skal gjennomførast over ein avgrensa tidsperiode, medan andre tiltak er avhengige av særskilde politiske løvyingar for å kunna gjennomførast. Mange av tiltaka er avhengig av samarbeid med andre aktørar for å gjennomførast. Liste over dei større oppgåvane og prioriteringane i planen er tatt med i vedlegg 2. Det vil kvart år verta lagt fram eit oversyn over tiltak som er gjennomført. Kulturplanen omfattar ikkje tiltak som gjeld større investeringar til bygg og anlegg den neste tiårsperioden. Slike satsingar vert omfatta av Kommunal plan for anlegg for, idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Planstatus

Radøy kommune har ikkje hatt nokon kulturplan tidlegare. Av eksisterande planar på tilgrensande fagområde, må særleg nemnast Kommunal plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, som skal vera styringsreiskap for utbygginga av alle idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i planperioden (2008-2011). Planen skal rullerast i 2011.

Biblioteka i Nordhordland har gått saman om Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka 2006-2010. Dette for betre å kunna møta utfordringar innan biblioteksektoren i regionen og å følgja opp intensjonane i ABM-planen for Nordhordland.

Det skal utarbeidast ein ny felles utviklingsplan også for neste periode. Kommunen har hatt ein bibliotekdelplan for 2005-2010 som omfattar alle biblioteknestene i Radøy kommune. Bibliotekdelplanen vert ikkje rullert på ny, då utviklingsplanen for nordhordlandsbiblioteka og kulturplanen tek opp i seg

aktuelle tiltak på bibliotekområdet. Innan museumsfeltet arbeider ein ut frå Fylkesdelplan for Museum, frå 2003, inntil ny plan er vedteken. Nytt utkast til plan er forventa lagt ut til høyring våren 2011.

Det er laga ein utviklingsplan som tar for seg vegen vidare for Radøy kunst senter. Planen skisserer følgjande fire strategiar eller satsingsområde for vidare arbeid med senteret: pilotprosjekt for samtidskunst, formidling til alle, kunstnarnettverk og organisering. Visjonen for senteret er "RKS – ein internasjonal modell for kunst, kultur og innovasjon".

Kulturplan for Radøy vil også tematisk grensa opp mot næringssplanen. Kulturplanen tar for seg ulike typar museum, og også ein del kulturminne som vert brukt i kommersiell samanheng vil koma inn her. I tillegg til dei nemnde sektorplanane, vert kulturfeltet også omhandla i samfunnssdelen i kommuneplanen, i kommunedelplan for Radøy sør og i ein del reguleringsplanar.

Organisering og økonomi


Radøy kommune har vald å leggje kulturadministrasjonen til sørvistorget på rådhuset. I tillegg har kommunen følgjande avdelingar innan kulturfeltet: Radøy musikk- og kulturskule, Radøy bibliotek og Radøyhallen. Det er også ein frivilligsentral i kommunen.

Radøy kommune har etter måten ein liten kulturadministrasjon, og brukar mindre på kultur enn gjennomsnittet i både i landet og i Hordaland fylke. I 2009 gjekk 2,8 % av kommunen sine netto driftsutgifter til kultur, noko som tilsvarer 1175 kroner pr innbyggjar. Det tilsvarende talet i kommunar på Radøy sin storleik er 3,8 % eller 1604 kroner, medan gjennomsnittet i Hordaland fylke er 4,3 % eller 1609 kroner. Snittet på landsbasis er 4,2 %, noko som tilsvrar 1624 kroner. For Radøy sin del har netto driftsutgifter til kultur vore fallande dei siste åra, frå 3,7 % i 2002.

Også på investeringssida brukar kommunen mindre enn snittet i landet og i Hordaland fylke. Brutto investeringsutgifter til kultursektoren pr innbyggjar i Radøy var i 2009 604,4 kroner, medan tilsvarande tal for kommunar på same storleik, er 1269,9 kroner. Snittet for Hordaland er 881,5 kroner, medan snittet på landsbasis er 1098,1 kroner. Det vil vera ei målsetjing å koma opp mot landsgjennomsnittet også i Radøy kommune.

Netto driftsutgifter til kultur

- i prosent av netto driftsutgifter



2. Overordna målsetjingar

I 2007 fekk Noreg si første kulturlov. Denne lova har til formål «å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksamd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.» Lova fastset også at kommunane og fylkeskommunane sine oppgåver er å «syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksamd regionalt og lokalt.» Vidare har staten, fylkeskommunen og kommunen som felles oppgåver å syta for:

- a. at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,*
- b. å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtildet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,*
- c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.*

I 2012 kjem det ei ny folkehelselov som løftar fram prinsippet om «helse i alt me gjer». Lova trekker fram påverknadsperspektivet som rettar merksemda mot faktorar som påverkar helsa. Med bakgrunn i dette, vert alle sektorar ansvarlege for helse, og omsynet til helsa må leggjast til grunn i all planlegging.

Kulturlova og den komande folkehelselova legg på denne måten klare retningsliner og føringar for kva som vert forventa av kommunane. Radøy kommune ynskjer i tillegg å nytta kommunen sin visjon «Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle» som grunnlag for kulturplanen. Med utgangspunkt i retningslinene i lovverket og kommunen sin visjon, vert følgjande overordna målsetjingar lagt til grunn for kulturplanen.

1. Radøy kommune skal vera ein kommune der kultur vert sett på som ein eigenverdi

Kulturell aktivitet treng ikkje vera grunngjeven ut frå samfunnsmessig eller økonomisk nytteverdi, men har verdi i seg sjølv ut frå grunnleggjande behov i menneska som skapande vesen. For å nå dette målet, må ein gje plass for kultur i all samfunnsplanlegging og i tenestetilbod.

2. Kultursatsinga skal vera prega av samhandling med ulike aktørar i samfunnslivet

Det meste av aktiviteten innan kulturfeltet skjer utanom kommunen sin regi. Kommunen har likevel ei rolle som rådgjevar, tilretteleggjar og økonomisk bidragsytar. Samarbeid og samhandling mellom kommunen og lag og organisasjonar, næringsliv og private aktørar er difor viktig for å skapa aktivitet.

3. Radøy kommune skal vera ein kommune som ser framover, men samstundes legg vekt på å styrke historisk og kulturell identitet

Det er venta ein vesentleg auke i folketalet i Radøy dei nærmaste tiåra. Mykje av denne folkeveksten vil koma gjennom tilflytting, og sannsynlegvis vil ein også få fleire tilflyttarar frå andre land. Ein kommune som ynskjer nye innbyggjarar velkomne, må ha eit dynamisk kulturliv som opnar for nye idear og eit kulturelt mangfald. I arbeidet med nyskaping må ein likevel ikkje gløyma eigen identitet og historie. Kommunen må difor arbeida for at ein også i framtida tek vare på og løftar fram det som har gjort Radøy til det kommunen er i dag.

4. Den frivillige innsatsen skal stimulerast og støttast

Mesteparten av kulturarbeidet skjer i frivillig sektor. Det er viktig at dei som ynskjer å gjera ein innsats vert sett, støtta og sett pris på. Kommunen må ta i bruk tiltak som støttar og stimulerer frivillige initiativ og arbeid.

5. Det profesjonelle kulturlivet skal utviklast

Gode aktivitetstilbod og gode opplevelingar er ofte avhengig av samarbeid med profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Å sikra gode arbeidsvilkår for desse, er ei utfordring som må løysast i samarbeid med staten og fylkeskommunen. Kommunen kan bidra ved å visa at ein set pris på, støttar opp om og løftar fram den profesjonelle delen av kulturlivet.

6. Det skal satsast på kulturtildet til born og unge

Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk er med på å skapa gode oppvekstvilkår. Fysisk aktivitet og allmenn kulturell opplysning er med på gje borna betre livskvalitet og helse. Det er såleis viktig at barnekultur og kultur for born vert ein del av kvardagen på alle område i forvaltninga og på den politiske dagsorden.

7. Kulturtildet skal fremja fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet er viktig for både fysisk og mental helse, og for auka livskvalitet. Eit kulturtildet som stimulerer til fysisk aktivitet er med på å fremja god helse og førebygga sjukdommar.

8. Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.

Kulturlova slår fast at kulturlivet skal vera for alle, og at alle skal ha eit mangfald av tilbod. I all planlegging må ein såleis sjå til at kulturlivet er inkluderande, både gjennom å gjera attraksjonar og arrangement tilgjengeleg for alle (universell utforming), gjennom å nå ut med informasjon til alle i målgruppa og gjennom å ha eit så mangfaldig tilbod at alle kan finna noko som interesserer dei.

Alle målsetjingane og tiltaka som kjem fram i dei neste kapitla er delmål og verkemiddel for å nå dei overordna målsetjingane.

3. Kulturarbeid i offentleg sektor

3. 1 Kulturadministrasjonen

Det meste av kulturadministrasjonen vart frå 1. januar 2010 lagt til kommunen sitt sørvistorg i rådhuset. Dette inneber at leiar for sørvistorget også er leiar for kommunen sin kulturadministrasjon. Vidare er ansvaret for kulturminnevern, Den kulturelle skulesekken, og for spelemidlar til større anlegg, lagt til fagpersonar på rådhuset utanom sørvistorget. Med kulturarbeidet fordelt på fleire personar, skal ein involvera fleire av dei tilsette i kulturarbeidet for best mogleg å utnytta den kompetansen og interessa som finst i organisasjonen.

Kulturadministrasjonen gjev råd og rettleiing til enkelpersonar, lag og organisasjoner innan kulturområdet. Særleg

vikting er det å hjelpe til med søknader om midlar frå ulike tilskotsordningar – ikkje minst til anleggsutbygging både i nærmiljøet og til anlegg som tener større deler av kommunen. Administrasjonen har også hovudansvaret og koordineringsansvaret for kulturdagane i Radøy, Kystsogevukene kvar haust, den årlege Ungdommens kulturmønstring (UKM) og elles andre kommunale kulturarrangement. Kinoen i rådhuset, som er ein av landets mest besøkte bygdekinoar, fell også inn under kulturområdet. Kulturadministrasjonen har kontakten med bygdebokskrivaren og koordinerer arbeidet med bygdeboknemnda.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Ha god og oppdatert informasjon om kulturlivet i kommunen.	Ha oppdaterte lister over lag og organisasjoner. Ha oversikt over lagshus og lagshusaktivitetar. Ha oppdatert oversikt over attraksjonar i kommunen	Kontinuerleg Kontinuerleg Kontinuerleg
God kommunikasjon med innbyggjarane.	Nytta heimesidene aktivt og leggja ut årshjul for kultur.	Kontinuerleg
	Undersøkja moglegheiter for felles kulturportal og kulturkalender med dei andre nordhordlandskommunane.	2011
	Aktivt bruk sosiale medium som facebook, twitter, Flickr, YouTube m.fl. til å informera om og marknadsföra kulturlivet i kommunen.	Kontinuerleg
	Nytta kommunen sine fellesannonssar i lokalavisene til informasjon om kultur.	Kontinuerleg
	Bruka lokalavisene aktivt til å informera om det som skjer innan kulturfeltet.	Kontinuerleg
Samarbeidet lokalt, regionalt og på fylkesplan skal utviklast	Vidareutvikla samarbeidet med Vestnorsk utvandringssenter, Radøy Kunst Senter, Manger folkehøgskule og andre lokale kulturaktørar.	Kontinuerleg
	Vidareutvikla samarbeidet med Radøy sokn.	Kontinuerleg
	Oppretthalda og utvikla kultursamarbeidet med dei andre nordhordlandskommunane, t.d. gjennom felles kulturforum, felles kulturdagar og UKM-arrangement.	Kontinuerleg
	Delta på aktuelle kurs og samlingar på fylkesplan.	Kontinuerleg
	Halda god kontakt med eksterne ressurspersonar.	Kontinuerleg
Kinodrifta skal hal-dast oppe.	Utvikla kinoen i tråd med tida.	Kontinuerleg
	Fornya og opprusta kinosalen.	2012
	Marknadsföra kinoen aktivt gjennom media, nettsider og sosiale medium.	Kontinuerleg
Radøy skal markera 50-årsjubileum og grunnlovsjubileet i 2014.	Setja ned ei arbeidsgruppe for planlegging av kommunen sitt 50-årsjubileum.	2012
	Gjennomföra ei større markering av kommunen sitt 50-årsjubileum og markera at grunnloven er 200 år.	2014
Dei tilsette i kommunen skal vera med-vitne om språket.	Laga ein eigen målbruksplan for kommunen som gjer greie for språkpolitiske mål, og legg føringer for korleis språket skal nyttast i administrasjon og tenestetilbod.	2011

3.2 Musikk- og kulturskulen

Radøy musikk- og kulturskule var oppretta i 1979, som ein av dei første kulturskulane i Nordhordland. I dag er det om lag 160 born og unge som får undervisning, anten aleine eller i grupper, innan song, på eit instrument, eller innan kunst. Skulen er desentralisert, og har undervisning i tre krinsar. Musikk- og kulturskulen sel òg timar til skulekorps. Rundt ti lærarar er tilsette i musikk- og kulturskulen, noko

som samla utgjer i overkant av tre årsverk. Musikk- og kulturskulen skal vere med å utvikle barn og unge sine uttrykk og kreative evner og bidra til eleven si meistring og spele- og skaparglede. Kvar av elevane skal få følgje si eiga utviklingslinje, og opplæringa skal tilpassast den einskilde sine evner.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Alle born og unge som ynskjer det, skal ha eit tilbod i musikk- og kulturskulen.	Ha tilbod som femnar om både nybyrjarar og vidarekomne.	Kontinuerleg
	Rekruttera nok undervisningspersonell i dei ulike disiplinane.	Kontinuerleg
	Gje tilbod om musikkbarnehage i dei skulekrinsane der det er elevgrunnlag.	2012
	Oppretta tilbodet «Musikk frå første stund».	2012
	Utvikla tilbod til born og unge med særskilt behov for tilrettelegging.	2013
Tilboda skal utvidast.	Formidla informasjon om tilboda gjennom aktuelle kanalar, som helsestasjonen, barnehagar, skular, og elles nyttja kommunen sine informasjonskanalar, slik at alle interesserte vert kjende med tilboda.	2012
	Gjennomføre ei brukarundersøking for finna ut kva tilbod som er ynskt, og kva som kan verta betre.	2012
	Legge til rette for undervisning i andre kulturuttrykk og tilbod, og rekruttere undervisningspersonell til dette.	2013
	Arbeida for at det vert tilgjengelege og veleigna undervisningslokale for musikk- og kulturskulen i alle krinsar.	Kontinuerleg
Å synleggjere unge talent i Radøy og gi dei arena å møtast på og uttrykkje seg på.	Auka talet på timar til undervisning i skulekorpsa.	2012
	Arrangera årleg konsert for unge solistar.	Årleg
	Leggja til rette for talentutvikling.	Frå 2011
	Stimulera til deltaking i «Unge musikere», og Bergen kulturskole sitt talentutviklings-program.	2012
Musikk og kulturskulen skal vera ein kulturpedagogisk ressurs i kommunen og samarbeida tett med skular og barnehagar.	Fremja kandidatar til Draumestipendet og tilsvarande.	Årleg
	Utvikla samarbeidet med grunnskulen gjennom prosjekt ved hjelp av t.d. Den kulturelle skulesekken.	2013
	Tilby skulane å bruka kompetansen til lærarar i musikk- og kulturskulen i undervisninga i grunnskulen.	2013
	Samarbeid med skulane om kulturskuletilbod i SFO-tida til elevane.	2012
	Samarbeida med fagpersonell på tvers av einingar og disiplinar, der det er naturleg.	2013
	Leggja til rette for eit vidare kulturtilbod i barnehagane.	2014



3.3 Radøy Bibliotek

Radøy bibliotek er lokalisert i same bygg som Radøy ungdomsskule. I tillegg til hovudbiblioteket, er skulebiblioteka ved dei fem grunnskulane i Radøy ein del av bibliotekstrukturen i kommunen. Radøy bibliotek har biblioteksjef i 100 % stilling og bibliotekassistent i 70 % stilling. Radøy kommune har eigaransvar for folkebiblioteket, men Radøy bibliotek er ein integrert del av det regionale, interkommunale samarbeidet, gjennom ordninga Nordhordlandsbiblioteka.

Radøy bibliotek skal vera ein sosial møteplass, ein stad for læring og utvikling, og ei kjelde til kulturelle opplevingar.

Nasjonale føringer legg opp til at det skal vera «*robuste og omstillingdyktige bibliotek som kan tilby alle innbyggjarane betre bibliotekteneste*» gjennom auka samarbeid mellom biblioteka, nasjonal samordning, ny kompetanse i biblioteka, å utvikla både folke- og skulebiblioteka og utvikla bibliotektilbodet til spesielle grupper. Ei prioritert oppgåve for Radøy bibliotek er difor å tilpassa seg ei ny tid og leggja til rette for naudsyste endringar, og samstundes yte tenester som innbyggjarar i alle aldrar er tente med.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Betre samarbeid lokalt og regionalt.	Vidareføra det interkommunale biblioteksamarbeidet i Nordhordland.	Kontinuerleg
	Delta aktivt i det bibliotekfaglege samarbeidet på fylkesnivå.	Kontinuerleg
Radøy bibliotek skal vera ein integrert del av bibliotek-Noreg.	Legga til rette for effektive transportordningar.	Kontinuerleg
	Ta i bruk Nasjonalt lånekort.	2011
Biblioteket skal vera for alle.	Vidareføra ordninga "Biblioteket heim til deg".	Kontinuerleg
	Formidla litteratur til bebruarar på sjukeheimen og lesekrok i lokala til Radøy arbeidssenter.	Kontinuerleg
	Lesestunder for barnehagar og skuleklassar.	2011
	Gjera biblioteklokalet betre tilgjengeleg for brukarar med nedsett funksjonsevne.	2012
Effektive og framtidseretta folke- og skulebibliotek.	Betra rutinane for fjernlån.	Kontinuerleg
	Auka kontakt og samarbeid mellom skulebiblioteka og folkebiblioteket.	Kontinuerleg
	Leggja til rette for å fornya lån via SMS eller automatiserte tenester.	2011
Det skal satsast på digitale tenester og nye medium.	Kjøpa inn nye typar medium og satsa på e-boka.	2011
	Datautstyr skal vera oppdatert.	Kontinuerleg
	Personalet skal ha kompetanse innan nye media.	Kontinuerleg
God kommunikasjon med brukarar.	Nytta nettsidene aktivt.	Kontinuerleg
	Ta i bruk den felles nettstaden for Nordhordlandsbiblioteka: «Mitt Nordhordland».	2011
	Betra tenesteytinga overfor innvandrarar og gjestearbeidarar i kommunen.	Kontinuerleg
Sterkt fokus på nynorsk språk og litteratur.	Delta aktivt i Nordhordlandsprosjektet: "Nye tider - ny norsk".	2011
	Satsa på formidling av nynorsk litteratur til elevar i ungdomsskulen t.d. ved forfattarbesøk.	Årleg
	Kjøpa inn meir nynorsk litteratur.	Kontinuerleg



3.4 Radøyhallen

Radøyhallen er eit kommunalt anlegg med idrettshall, skytebane og to symjebasseng, og skal vera ein aktivitetsplass for folk i alle aldrar med moglegheit for ivaretaking av eiga helse og utvikling av ferdigheter. Radøyhallen er lokalisert like ved Radøy ungdomsskule, og skulen er hovudbrukar av hallen i skuletida. Radøyhallen har oppsynsmann i 100 % stilling og assistent i 20 % stilling. I tillegg kjem reinhaldarar og badevakter.

Radøyhallen inneheld idrettshall som kan delast i tre salar med tribune, symjebasseng (25 m) og terapi-/varmtbaseng, og skytebane. Etter skuletid og i helgene er det

frivillige lag og organisasjoner som driv sine aktivitetar i hallen. Hallen vert også leigt ut til konserter og utstillingar. Kommunen driv offentleg bading i symjehallen og til dette vert det engasjert badevakter som får naudsynt opplæring i livredding og førstehjelp. Det er også eit tilbod om solarium i hallen.

Utleige særleg i helgene, har gått ein del ned etter at mange av fotballturneringane som tidlegare vart skipa til, ikkje lenger vert arrangert. Det vil difor vera trøng for å sjå nærmere på utvikling av utleigetilbodet.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
God kommunikasjon med brukarar.	Oppdatert heimeside.	Kontinuerleg
	Vurdera å innföra nettbasert utleigesystem.	2011
	Utarbeida informasjonsbrosjyre.	2012
Fleire aktivitetar og auka bruk av hallen.	Meir målretta marknadsföring.	2012
	Leggje til rette for fleire typar aktivitetar.	Kontinuerleg
	Montera klatrevegg.	2015
	Oppgradera utstyr for å gjera hallen meir eigna for ulik bruk.	2013
Gode tilhøve for uorganisert ungdomsaktivitet.	Gje uorganisert ungdom brukstider i Radøyhallen.	Frå 2012
	Forsök med open hall i helger og på dagtid i haust- og vinterferiar.	Frå 2012
Meir bruk av symjebassenget.	Vurdere opningstidene.	2012
	Forsök med sommarbading.	2012
	Ope basseng på dagtid i haust- og vinterferiar.	Frå 2012
	Leggje til rette for bruk til fødselsdagsfeiring og liknande.	2012
Betre lagerkapasitet.	Byggje eit lagertilbygg	2013



3.5 Frivilligsentralen

Radøy frivilligsentral skal på ein aktiv måte medverka og stimulera til at den frivillige innsatsen i kommunen aukar gjennom å koordinera ytjarar og brukarar av tenester. Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod. Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod. Frivilligsentralen i Radøy har vore i drift sidan 1992. Det er

tilsett ein dagleg leiar i 100 % stilling. Radøy kommune er eigar av sentralen, men løn til dagleg leiar vert delvis dekka av staten. Frivilligsentralen har eit eige styre, som mellom anna har ansvar for budsjett, rekneskap, godkjening av handlingsplanar, rutinar for samarbeid, evaluering og rapportering. Dagleg leiar har fullmakt til å leia sentralen innan rammene som handlingsplanen og budsjettet gjev.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Skapa kultur- og trivsels-tiltak for ulike brukar-grupper.	Vidareutvikla samarbeidet med andre einingar, lag og organisasjonar, og private.	Kontinuerleg
	Vidareføra eksisterande tilbod.	Kontinuerleg
	Vidareutvikla besøks- og følgjetenesta.	Kontinuerleg
	Arrangera årleg helsetur.	Årleg
	Arrangera seniorsurf for eldre.	Årleg
	Utvida tilbodet til å omfatta fleire brukargrupper.	Kontinuerleg
	I samarbeid med FAU på Radøy ungdomsskule, forsøka å få i gang nat-teramnsordninga.	2011
	Vera open for nye idear og tiltak.	Kontinuerleg
Fleire frivillige medarbei-darar, og eit godt miljø for desse.	Rekruttera fleire nye frivillige.	Kontinuerleg
	Bruka annonser, Radøynytt, nettsider til å rekruttera fleire frivillige.	Kontinuerleg
	Arrangera jamlege samlingar for frivillige.	Kontinuerleg
Marknadsföra Frivillig-sentralen på ein positiv måte.	Annonsera frivilligsentralen sine arrangement i lokalavisene.	Kontinuerleg
	Bruka Radøy kommune sine nettsider aktivt.	Kontinuerleg
Stimulera til og setja pris på frivillig innsats.	Dela ut frivilligprisen.	Årleg



4. Frivillig sektor

Frivillig arbeid er viktig for kulturlivet i ein kvar kommune og eit kvart lokalsamfunn, mellom anna ved å tilby velferds- og aktivitetstilbod, sosiale møteplassar for personar med felles interesser, og nettverk som elles kunne vore vanskeleg å etablera. Dei frivillige utfører i tillegg ein del naudsynte samfunnsoppgåver som ikkje kjem innunder det offentlege sitt definerte ansvarsområde. Ein del av desse oppgåvene vert koordinerte av Frivilligsentralen.

Ei undersøking frå 1998 viser at 54% av innbyggjarane i Noreg utførte frivillig arbeid. Det vart vidare stipulert at den frivillige innsatsen i ein kommune i tal på årsverk utgjer ca. 5-6 % av befolkninga. Overført til ein kommune på Radøy sin storleik, vil det seia at det vert lagt ned ein innsats tilsvarende kring 250-300 årsverk av frivillige!

Status og utfordringar

Radøy kommune vart for nokre år tilbake kåra til kulturkommune i Hordaland, mykje takka vera eit allsidig og aktivt frivillig arbeid i kommunen. Totalt er det registrert nesten 100 ulike lag og organisasjonar i kommunen som spen-

ner over alle aldersgrupper og alle område av kommunen. Organisasjonane eig og driv dei fleste bygningar og anlegg for frivillig aktivitet. Kommunale tilskot går først og fremst til drift.

Jamvel om det finst mange lag og organisasjonar i kommunen, er det ein del som fell utanfor, anten fordi dei ikkje finn eit tilbod som passar dei eller fordi dei opplever at tilboden ikkje er for dei. Ein del unge har tidlegare vore aktive i organisjonslivet, men fell av i ungdomsalderen. Dette fører til at det vert vanskelegare å halda liv i laga, ein mister krefter ein gjerne vil behalda i organisasjonane, og ein får fleire uorganiserte ungdommar som opplever å falla utanfor. Det er også ein tendens i samfunnet at det er vanskelegare å få folk til styre og stell, og fleire lag også i Radøy kommune melder om store problem med å rekruttera styremedlemer. Mange av dei som melder seg inn i ein organisasjon gjer det for å ta del i dei tilboda som organisasjonen har utan noko ynskje om å ta på seg ansvar utover det.



... Frivillig sektor

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Lag og organisasjoner skal ha økonomi til å halda oppen aktiviteten.	Auka potten for kulturmidlar.	2011
	Revidera retningsliner for tildeling av kulturmidlar.	2011
	Kulturadministrasjonen skal vera oppdaterte på og informera om tilskotsordningar.	Kontinuerleg
	Kjøpa inn utstyr som kan leigast av lag og organisasjoner ved arrangement.	2012
	Auka kommunale tilskot til private idrettsanlegg.	Frå 2012
	Gje kommunale tilskot til større utbetringer av lagshus.	Frå 2012
Bidra til fagleg tilrettelegging og kompetanseheving i lag og organisasjoner.	Tilby kurs og andre kompetansehevande tiltak til styremedlemer, lagsleiarar, instruktørar, trenarar, dirigentar og liknande, t.d. kurs i nettsider, organisasjonsarbeid, arrangementskurs.	Årleg
	Oppretta eiga tilskotsordning til opplæring i lag og organisasjoner.	2011
Betre informasjon til lag og organisasjoner.	Laga eit årleg informasjonshefte med relevant informasjon om t.d. kurstilbod, tilskotsordningar og tidsfristar retta mot lag og organisasjoner.	Frå 2012
	Arrangera eit årleg informasjonsmøte for lag og organisasjoner, der ein opnar opp for å diskutera aktuelle problemstillingar og ta opp aktuelle tema.	Frå 2012
	Utlýsing av kulturmidlar og evt. andre midlar skal annonserast i Radøynytt, på nettsidene, i lokalavisene og i eigne brev til lag og organisasjoner.	Kontinuerleg
Leggja til rette for inkludering av innflyttarar og personar med nedsett funksjonsevne	Informera nye innbyggjarar om kulturtilbod som finst i kommunen.	2012
	Arbeida for at fleire lagshus vert betre tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne.	Kontinuerleg
	Stilla som krav for å få tildelt kulturmidlar at følgjekort ved godeke ved opne arrangement.	2012
	Tiltak som fremjar inkludering og integrering skal vektleggjast ved tildeling av støtte til arrangement.	Frå 2012
Synleggjera kulturlivet i kommunen	Utvida tilbodet om registrering av lag og organisasjoner på nettsida.	2011
	Betra og styrka kulturkalenderen på nettsida, og undersøkja moglegheitene for felles kulturportal i Nordhordland i samarbeid med kommunar og avisar.	2011
	Leggja ut informasjon om lagshus på nettsidene, og vurdera moglegheitene for ein felles utleigeportal.	2012
	Arrangera kulturdagar kvart anna år.	Kvart andre år
	Arrangera kystsogeveker kvart år.	Årleg
	Invitera lag og organisasjoner til samarbeid ved større arrangement, som t.d. opning av kystsogeveker, kulturdagar etc.	Kontinuerleg
	Bruka lokale krefter til å underhalda på kommunen sine arrangement.	Kontinuerleg
	Støtta opp om gode ambassadørar for kommunen.	Kontinuerleg
Stimulera frivillig innsats.	Dela ut kulturpris kvart år.	Årleg
	Revidera retningsliner for kulturprisen.	2011
	Bidra til at alle lag og organisasjoner som ynskjer det kan ha ein stad å møtast.	Kontinuerleg
Frivillig sektor skal ha høve til å medverka i saker som er aktuelle for dei.	Formalisera samarbeidet med Radøy idrettsråd og Radøy song- og musikkråd gjennom samarbeidsavtalar som stadfestar deira rolle som høyriksinstans i saker som gjeld idrett og musikk.	2011
	Invitera aktuelle lag og organisasjoner til å delta i planprosessar.	Kontinuerleg

5. Kultur for born og unge

Alle born har rett til
omsorg og trygg opp-
vekst.

Barndom og ungdom
har eigenverdi; det er
ikkje berre steg mot
vaksen alder.

Barn sine oppvekstvil-
kår er viktige for alle
deler av befolkninga.

Læring og utvikling
krev eigeninnsats.



Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk gir grobotn for gode oppvekstvilkår, og det er viktig at barnekulturpolitikk blir ein del av kvardagen på alle områder i forvaltninga og på den politiske dagsorden. Kommunar som investerer i born og unge, har mykje å vinna! I kvart eit lokalsamfunn bør difor born og unge ha tilbod om varierte kultur- og fritidstilbod, og trygge, positive møtestader.

Radøy kommune har vedteke at i Radøy kommune skal følgjande ligga til grunn for alt arbeid med born og unge, og vera forpliktande for alle som er tilsette i kommunen.

Status og utfordringar

I Radøy utgjer personar i aldersgruppa 0-17 år 23,4 % av folkesetnaden, eller kring 1130 personar (2009). I 2009 hadde lag og organisasjonar i Radøy hadde totalt 1099 medlemer under 19 år. Dette inkluderer berre medlemskap i lag og organisasjonar som høyrer til i Radøy, og berre aktive medlemer. Dette viser at born og unge i Radøy i snitt er med i ein organisasjon, men i realiteten er nok deltakinga i organisasjonslivet klart sterkest blant born i grunnskulealder, medan dei aller yngste og personar på vidaregåande skule i mindre grad representerte.

Som ein del av Radøy kommune si satsing på born og unge, har ein vorte medi i lokalsamfunn med MOT. MOT har ein heilsakleg modell for korleis lokalsamfunn kan jobba saman med ungdom. Målet er å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.

Kommunen ser at det er viktig at born og unge vert inkluderte i eit godt miljø, og at dei har fritidsaktivitetar som engasjerer og stader å samlast . På bakgrunn av dette vedtok kommunen i 2010 at det skal etablerast Møteplass for ungdom i tilknyting til Radøyhallen. Kommunen håpar at Møteplass for ungdom skal vera eit positivt tilskot til allereie eksisterande tilbod, og eit trygt og inspirerande samlingspunkt for ungdomar i Radøy.



Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Alle born og unge skal ha eit allsidig og positivt fritidstilbod.	Leggja til rette for at born og unge får informasjon om dei tilboda som finst gjennom ranselpost, helsestasjon og aktiv bruk av nettsider og sosiale medium.	Kontinuerleg
	Auka kulturmidlar til lag og organisasjonar som satsar på born og unge.	2012
	Leggja til rette for fleire nærmiljøretta aktivitetar, som til dømes drama og teater.	Frå 2012
	Koordinera "Ung jobb" om sommaren.	2011
	Leggja til rette for at det vert aktivitetstilbod for born og unge over SFO-alder også om sommaren.	2013
	Oppstartstilskot for nye kultur- og fritidstilbod for born og unge.	2011
	Framleis deltaking i SALTO-prosjektet i Knarvik.	Kontinuerleg
	Halda fram det aktive arbeidet som MOT-kommune.	Kontinuerleg
	Freista å trekka inn fleire lag og organisasjonar i MOT-arbeidet.	Kontinuerleg
	Vurdera å arranger årlig, lokal MOT sommarcamp.	Frå 2013
	Driva aktivt samarbeid med frivillige organisasjonar og andre kommunale aktørar innanfor førebyggjande arbeid på kulturområdet.	Kontinuerleg
	Framleis gratis bruk av skulane for aktivitetar for born og unge.	Kontinuerleg
Alle born og unge skal ha høve til å delta vera fysisk aktive.	Halda ope idrettshallen i Radøyhallen og på Sæbø skule i helger.	2011
	Støtta opp om tiltak som gjev tilbod innan fleire idrettsgreiner enn dei eksisterande.	Kontinuerleg
	Arbeida for at det vert idrettsskule i alle krinsar.	Kontinuerleg
	Leggja til rette for at det kan arrangerast babysymjing.	Kontinuerleg
	Støtta opp om tiltak som har som mål å få ungdom til å nytta naturen.	Kontinuerleg
Møteplass for ungdom skal vera ein trygg og innhaldsrik møtestad for ungdom.	Tilsetja ein ungdomskoordinator i delstilling.	2011
	Utvikla Møteplass for ungdom slik at tiltaket heile tida vert oppsøkt av nye brukargrupper.	Frå 2012
	Leggja til rette for frivillig involvering frå vaksne, og sikra denne ordninga eit godt driftsmønster.	Frå 2012
	Rettleiing og kurs i førebyggjande barne- og ungdomsarbeid for frivillige som er knytt til Møteplass for ungdom.	Frå 2011
	Vera opne for initiativ frå ungdomen sjølv, og stimulera brukarar av Møteplass for ungdom til kreativitet som arrangørar av konserter/teateroppføringar m.m.	Kontinuerleg
	Leggje til rette for at kunstnariske uttrykk blant ungdom kjem fram i lyset.	Kontinuerleg
Leiarar og styremedlemer i barne- og ungdomsorganisasjonar skal ha tilbod om kurs og andre kompetansehevande tiltak	Setja av midlar til kompetansetiltak for unge leiarar og styremedlemer i barne- og ungdomsorganisasjonar.	2011
	Setja av ressursar til rettleiing av leiarar og styremedlemer i barne- og ungdomsorganisasjonar.	2012
Ungdomsrådet sin posisjon og medverknad skal styrkast.	Ungdomsrådet skal få høve til uttala seg om aktuelle saker og deira syn skal koma fram i kommunal sakshandsaming.	Kontinuerleg
	Kulturadministrasjonen skal ha god kommunikasjon med ungdomsrådet.	Kontinuerleg
Born og unge skal vera aktive deltaradar i kulturlivet i kommunen.	Freista å trekka inn barne- og ungdomskultur i kommunen sine arrangement, som kulturdagar og kystsogeveker.	Kontinuerleg
	Freista å nå og møta ungdomen i fora, som t.d. facebook og twitter.	Kontinuerleg
	Arrangera UKM kvart år.	Kvart år
Talentfull ungdom skal løftast fram.	Oppretta kultur- og idrettsstipend.	2012

6. Kunst- og kulturformidling

Kulturlova seier at alle skal oppleve eit mangfald av kulturaktivitetar, og at det offentlege har som oppgåve «å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtildelning og leggja til rette for deltagning i kulturaktivitetar». Ved å synleggjera og løfta fram våre eigne kunstnarar og utøvarar, og gjennom å leggja til rette for besøk frå profesjonelle kulturutøvarar frå andre stader, vil Radøy kommune arbeida for at innbyggjarane i kommunen får ta del i kunst- og kulturopplevingar på høgt nivå.

Status og utfordringar

I Radøy kommune har me fleire profesjonelle kunstnarar innan biletkunst, grafikk, keramikk m.m. Gjennom Radøy Kunst Senter, som er eit lokalt senter for samtidskunst, er me kvart år sikra god tilgang på kunstopplevingar. Kommunen har fleire utdanna musikkarar, både på messinginstrument, orgel og innan song. Spesielt er brass band-miljøet i kommunen sterkt med korps i noregseliten, og Manger folkehøgskule som ein viktig ressurs.

Gjennom midlar frå Den kulturelle skulesekken, som skal gje møte med profesjonelle kunstnarar innanfor uttrykksforma: musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv, får skuleelevar kvart år eit profesjonelt kunst- og kulturtildel. Den kulturelle spaserstokken gjer midlar til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre.

Per i dag er kyrkjene blant dei mest nyttala for konserter og Manger kyrkje har både konsertflygel og Nordhordlands største konsertorgel. Også Radøyhallen er ein del nyttal til sceneframsyningar og konserter, men lokalet er stort og har ikkje godt nok eigna lys- og lydutstyr. Ein arbeider med å få på plass eit musikkhus med øvings- og konsertlokale på Manger folkehøgskule sin eigedom til bruk for folkehøgskulen, lokale korps, musikk- og kulturskulen og til utelege for andre aktørar. Eit slikt bygg vil vera ein viktig arena for musikk- og scenekunst i kommunen.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Innbyggjarane i Radøy kommune skal møta profesjonelle kunstuttrykk i kvardagen.	Arbeida for at det årleg vert arrangert konserter eller andre sceneframsyningar med profesjonelle utøvarar.	Frå 2011
	Støtta opp om kunstutstillingar med profesjonelle kunstnarar.	Kontinuerleg
	Vidareføra tilskotet til Manger musikklag og slik bidra til at kommunen har eit brass band i noregseliten.	Årleg
	Setja av midlar til kunst/utsmykking i alle nye, kommunale bygg.	Ved nybygg
	Støtta opp om prosjektet Kunst i kulturlandskapet, der ein plasserer kunst i naturen der folk ferdast, i samarbeid med Radøy Kunst Senter og lokale kunstnarar.	Kontinuerleg
	I samarbeid med Radøy Kunst Senter arbeida for at det vert etablert eit kunstnarnettverk i Hordaland.	Frå 2011
Born skal oppleva ulike kulturuttrykk formidla av profesjonelle kunstnarar.	Ved hjelp av midlar frå den kulturelle skulesekken skal alle skuleelevar i Radøy få eit profesjonelt kunst- og kulturtildel minimum to gonger i året.	Årleg
	Vidareføra samarbeidet i Nordhordland om kulturformidling av lokale utøvarar til skular og barnehagar.	Kontinuerleg
	Vurdera prosjekt som Den kulturelle bæremøisa for å sikra eit profesjonelt kunst- og kulturtildel i barnehagane.	2013
Born skal gjennom eiga utøving få gjere seg kjende med og få høve til utvikle forståing for ulike kunst- og kulturopptrykk.	Alle born bør i løpet av skuletida få besøkja Radøy Kunst Senter og ta del i eit kunstprosjekt.	Kontinuerleg
	Leggja til rette for at born og unge får prøva å laga eigne produksjoner, prøva ulike instrument etc.	2013
Alder eller nedsett funksjonsevne skal ikkje vera til hinder for gode kunst- og kulturopplevingar.	Ved hjelp av midlar frå den kulturelle spaserstokken, sikra eldre eit kulturtildel på høgt nivå.	Kontinuerleg
	Leggja til rette for at eldre og personar med nedsett funksjonsevne får eit tilpassa kulturtildel på arenaer der dei oppheld seg.	Kontinuerleg
	Arbeida for at fleire kulturbyggar får universell utforming.	Kontinuerleg
	Leggje til rette for meir samarbeid mellom kultursektoren, omsorgssektoren og frivillige, for å utvikla gode kunst- og kulturprosjekt innanfor eit mangfald sjangrar og uttrykk.	Kontinuerleg

... Kunst og kulturformidling

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Synleggjera profesjonelle kunstnarane i kommunen.	Kulturprisen bør vere laga av kunstnarar i kommunen.	Kontinuerleg
	Bruka lokale kunstnarar til utsmykking av offentlege rom.	Kontinuerleg
	Gje lokale gåver frå kommunen som t.d. CD, bilete, handverk ved represensjon eller liknande.	Kontinuerleg
	Presentere ein lokal kunstnar eller utøvar kvart år i det årlege informasjonsheftet om kultur (sjå kap. 4).	Frå 2012
Gode lokale for kulturformidling	Leggja betre til rette kommunale lokale for kunst- og kulturformidling.	2013
	Arbeida for at det kjem nytt musikkhus på Manger.	Kontinuerleg
	Leggja til rette for at kyrkjene også framover held standard som gode konsertlokale.	Kontinuerleg
	Støtta opp om arbeidet med naudsynt vedlikehald og oppgradering av konsertorgelet i Manger kyrkje.	
	Støtta opp om planane for eige formidlings- og dokumentasjonsbygg på Vestnorsk utvandringssenter.	Kontinuerleg



7. Kulturvern

Lov 09.06.1978: Lov om kulturminner § 2:

**«Med kulturminner
menes alle spor etter
menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø,
herunder lokaliteter
det knytter seg historiske hendelser, tro
eller tradisjon til. Med
kulturmiljøer menes
områder hvor kulturminner inngår som
del av en større helhet
eller sammenheng.»**



Kulturvern er ei samlenemning for materielt og immaterielt kulturvern. Materielt kulturvern eller kulturminnevern omfattar konkrete gjenstandar og kunnskapen dei fortel, medan immaterielt kulturvern er kunnskap om handverk, teknikkar, historier og alle typar bakgrunnsopplysningar. Denne delen av kulturplanen vil omhandla begge desse formene for kulturvern.



7.1 Kulturminnevern (materielt kulturvern)

Alle kulturminne fram til 1537 er automatisk freda og har såleis eit særleg vern. Det same gjeld ståande byggverk frå perioden 1537-1649, dersom ikkje anna er bestemt. Når det gjeld kulturminne frå perioden etter 1649, må det gjerast eit einskildvedtak for kvar av desse for at dei skal fredast. For bygningar eldre enn 1850, pliktar kommunen å senda søknad om riving eller vesentleg endring å til vedkomande styresmakt seinast fire veker før søknaden skal avgjera. Noko vern utover dette, finst ikkje.

Status og utfordringar

Radøy er ein kommune som er rik på kulturminne, og kommunen har vore langt framme på dette feltet. Me har mellom anna steinalderbusetjinga på Straume, gravhaugar frå oldtida, kyrkjegardar frå mellomalderen, og me har også eit par bygningar, Bogatunet og Syltastova, frå slutten av 1500-talet. Alle desse kulturminna er, på grunnlag av alder, automatisk freda.

Nyare tids kulturminne er ikkje sikra på same måte. Ivrige grunneigarar, privatpersonar, lag og organisasjonar sørger likevel for at mange kulturminne og kulturmiljø vert tekne vare på. Likevel ser ein at ein god del eldre bygningar forfell og gjerne vert rivne fordi forfallet har kome for langt eller for å gje plass til nye bygg. Fordi ein ikkje har gjennomført ei kartlegging av kulturminna i kommunen, har ein ikkje eit god nok reiskap for å sørgra for at dei viktigaste kulturminna vert tekne vare på.

Det finst ikkje noko museum eller magasin for oppbevaring av lause kulturminne, sett bort frå Bogatunet og Syltastova og ein del initiativ frå privatpersonar, lag og organisasjonar. Ingen av desse lokala er godt nok sikra mot brann.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Laga plan for kulturminnevern, og få oversikt over kulturminna i kommunen	Laga plan for kulturminnevern som ser kulturminne i samanheng med kulturlandskap og -miljø.	2013
	Fullføra registreringa av faste kulturminne i heile kommunen.	2012
	Arbeida for at det vert laga verneplan for opne, verneverdige båtar i Nordhordland i samarbeid med dei andre nordhordlandsommunane og museumssenteret i Salhus.	2011
	Registrera alle verdifulle, faste kulturminne i matrikkelen.	2013
Viktige kulturminne skal vera i god stand, og lause kulturminne skal oppbevarast på ein sikker måte.	Styrka samarbeidet med Kulturverntenesta i Museumssenteret i Hordaland og andre offentlege aktørar innan kulturvern.	Kontinuerleg
	Setja av ressursar til rettleiing av eigalar og forvaltarar av kulturminne.	2011
	Arbeida for at Museumssenteret i Hordaland overtar eigarskapen og forvaltningsansvaret for dei frede kulturminna Syltastova og Bogatunet.	2011
	Arbeida for å få ei permanent magasinløsing for båtar, reiskapar og andre verdifulle kulturminne i Nordhordland i samarbeid med dei andre nordhordlandsommunane og Museumssenteret i Salhus.	2011
	Setja av midlar til restaurering og vedlikehald av viktige kulturminne.	Frå 2011
	Oppretta ein kulturvernpris.	2012
Dei viktigaste kulturminna i kommunen skal vera godt kjende.	Utarbeida ein publikasjon med informasjon om dei viktigaste kulturminna i kommunen.	2014
	Gjera informasjon om kulturminne tilgjengeleg på internett.	2014
	Setja opp informasjonsskilt ved viktige kulturminne i kommunen som t.d. Knappen i Marøy, gamle ferdelsvegar, torvhusmiljø, naustmiljø etc.	Frå 2011
	Laga informasjonsbrosjyrer for gamle ferdelsvegar og liknande.	Frå 2012
	Bruka kulturminne i profilering av kommunen.	Kontinuerleg
	Medverka til at Vestnorsk utvandringssenter vert godt kjend i og utanfor kommunen.	Kontinuerleg
Lokale kulturminne og kulturmiljø skal brukast aktivt i undervisninga i skular og barnehagar.	Arbeida for at skulane gjennom sine læringsopplegg legg til rette for at elevane vert kjende med kulturminne i kommunen i løpet av skuletida.	Kontinuerleg
	Arbeida for at barnehagane gjennom sine læringsopplegg legg til rette for at alle barn får gjera seg kjend med kulturminne i sitt nærmiljø	
	Arbeida for at barnehagane gjennom sine læringsopplegg legg til rette for at alle barn får gjera seg kjend med kulturminne i sitt nærmiljø	Kontinuerleg
	Skuleborn bør besøka Vestnorsk utvandringssenter i løpet av skuletida, og skulane bør nyta undervisningstilboda som senteret tilbyr.	Kontinuerleg
	Laga permanente utstillingar med kulturminne på skular og barnehagar.	2013
	Bruka midlar frå den kulturelle skulesekken til å tilby skuleborn opplegg også innan kulturvernfeltet.	årleg
	Vidareføra og evt. utvida opplegget med skuleklassar på Bogatunet.	Kontinuerleg

7.2 Immaterielt kulturvern

Immaterielt kulturvern omfattar som nemnd kunnskap om handverk, teknikkar, historier, bruk av landskap i sjø og på land, og alle typar bakgrunnsopplysningar. Det kan t.d. vera sedar og skikkar, munnlege overleveringar, språkminne som dialektuttrykk og stadnamn, tradisjonar innan t.d. musikk og dans, og handlingsboren kunnskap. I tillegg til desse vert også arkivmateriale, publikasjonar og biletar rekna som immaterielle kulturminne på grunn av historia dei fortel. Sjølve gjenstanden (boka eller biletet) er ein gjenstand og kan også sjåast på som eit materielt kulturminne.

Status og utfordringar

I Radøy er det gjort ein heil del for å ta vare på kunnskapen om vår fortid. Mellom anna er det gjeve ut tre band i gards- og ættesoga for Radøy, det er samla inn over 9000

stadnamn (ca. 75% av gardane er dekka), det er i gang ei innsamling av ord og utrykk i regi av Radøy sogelag og Radøy mållag, det er gjeve ut fleire tidsskrift om farne tider, og det er gjort ein del innsamlingar av folkemusikk frå kommunen.

Handlingsboren kunnskap kan ikkje berre arkiverast om den skal overleva. Teknikkar må overleverast frå generasjon til generasjon. Etter kvart som t.d. vert færre bønder og færre fiskarar, samstundes som dei som ynskjer å halda fram innan primærnæringane stadig møter nye krav om effektivisering og rasjonalisering, vil mykje kunnskap forsvinna. Tilsvarande som innan landbruk og fiske, finn ein innan husflid, smedkunst, matlagning og innan ei rekke andre handverk. Dei eldre i dag er dei siste som har levd i eit samfunn som stort sett var lokalt sjølvhjelpe. Mange av desse vaks også opp i det som framleis var ein munnleg forteljartradisjon. Skal ein ta vare på den kunnskapen dei sit inne med, må denne samlast inn no.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Kunnskapar om teknikkar og dugleik innan gamle arbeidsmåtar, kunst og handverk skal vidareførast.	Støtta opp om lag og organisasjonar som arbeider med tradisjonsformidling. Ta initiativ til samarbeid om innsamling og dokumentasjon av teknikkar og kunnskap.	Kontinuerleg 2012
Kunnskap om bruk av landskapet til sjøs og på land, som t.d. fiskeplassar, fangstplassar, méd og liknande, skal dokumenterast.	Støtta opp om lag, organisasjonar og privatpersonar som arbeider med dokumentasjon av bruken av landskapet.	Kontinuerleg.
Viktige delar av Radøy si historie skal dokumenterast og gjerast tilgjengeleg.	Sluttföra arbeidet med gards- og ættesoga for Radøy kommune. Gje ut eitt bind med allmennsoga for Radøy. Støtta opp om privatpersonar, lag og organisasjonar som dokumenterer Radøy si historie. Leggja til rette for at kommunen kan bidra eller hjelpe til å skaffa depotplass for viktige privatarkiv.	2011-2014 2015 Kontinuerleg Kontinuerleg
Støtta opp om arbeid med innsamling av språkminne, tradisjonsmusikk, matkultur og liknande.	Bruka nettsidene og annonseplattformene til å nå ut med informasjon. Støtta opp om privatpersonar, lag og organisasjonar som gjer eit arbeid med innsamling av språkminne, tradisjonsmusikk, matkultur og liknande frå Radøy.	Kontinuerleg Kontinuerleg
Fullföra innsamling av stadnamn.	Setja av nok ressursar til å sluttföra arbeidet med innsamling og publisering av stadnamn i samarbeid med Stadnamnsamlinga på Universitet i Bergen.	2012
Historiske foto frå Radøy skal samlast inn, takast vare på og gjerast tilgjengeleg.	Sørgja for at foto i kommunen si eiga vert oppbevart på ein tilfredstillande måte. Katalogisera og digitalisera alle fotografi i kommunen si eiga. Selja foto som er nytta i bygdeboka på internett.	2013 2014 2015
Det skal utarbeidast handlingsprogram for vidareføring av den immaterielle kulturarven.	Ta initiativ til samarbeid med Museumssenteret i Hordaland for utarbeiding av handlingsprogram for immateriell kulturarv.	2014

8. Kultur og natur

Radøy har rike kontrastar i naturen, frå grøne enger og Radøy har rike kontrastar i naturen, frå grøne enger og frodig skogsterreng til myrar, forblåste lyngområde og bare berg. Samstundes er kommunen ein kystkommune nesten heilt ute i havgapet. Kombinasjonen mellom frodig natur og nærliken til havet, er nokså unik og det er denne naturen og desse kontrastane som har gjeve Radøy tilnamnet «den grøne øya». Dette ynskjer me å verna om, ta i bruk og gjera vidare kjend.

I denne delen av planen ser me kultur og natur i samanheng, og skisserer målsetningar og tiltak for korleis naturen kan takast i bruk til rekreasjon, mosjon og utvikling. Kapitlet ligg tematisk tett opp til friluftslivdelen i Kommunal plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, og på ein del punkt vil planane overlappa einannan. Desse to planane må difor sjåast i samanheng.

Status og utfordringar

Dei siste åra er det gjort ein stor innsats for å rydda og merka turstiar. Det er gjeve ut ei turbok med skildring av

14 turar i Radøy, og ein del turar er også lagt ut på nettsida og på godtur.no. Området Tolleshaug, Olsvoll og Solheim fekk i 2003 landskapsprisen for Hordaland, og Sæbø landskapspark arbeidar med å vidareutvikla området. Tjorehagen er ein av dei mest besøkte attraksjonane i Nordhordland, og det føreligg planar om å vidareutvikla hagen.

Me har framleis mange bønder i Radøy, og talet på gardsbruk som er lagt ned dei siste åra er mindre enn i mange andre kommunar. Likevel har det vorte færre gardar i drift, meir intensiv drift berre på dei mest lettdrivne jordbruksreala, og færre beitedyr. Dette gjer at landskapet er i sterkt endring på grunn av gjengroing som innsnevnar bruken og gjer kulturlandskapet mindre synleg. Det er ei stor utfordring å i størst mogleg grad ta vare på kulturlandskapet og fjerna skog, buskar og kratt der denne er til stengsel for fri ferdsel og utsyn.

Målsetjingar	Tiltak	Gjennomføring
Naturen i Radøy skal vera rein og haldast open.	Haldningskampanje overfor innbyggjarane.	2011-2012
	Initiera samarbeid med lag og organisasjonar om tiltak som held kommunen rein og open.	2011-2012
	Setja i verk tiltak, i samarbeid med grunneigarar, som er med på å hindra gjengroing av kulturlandskapet.	2013
Barn og unge skal vera aktive brukarar av naturen til leik og fysisk aktivitet.	Utvikla og byggja naturleikeplassar og naturstiar.	Frå 2013
	Registrera «barnetråkk» i Radøy.	2012
	Arbeida for at skulane og barnehagane gjennom sine læringsopplegg legg til rette for at elevane i større grad tar i bruk naturen i sitt nærmiljø.	Kontinuerleg
Viktige og populære turstiar skal vera rydda og merka.	Gjera tilgjengeleg og skilta dei delane av den gamle «langvegen» over Radøy, som gjekk frå Alverstraumen til Rossnes, som er mogleg å ta i bruk.	Frå 2012
	Vedlikehalda eksisterande turstiar i samarbeid med lag og organisasjonar, privatpersonar og gjennom eventuelle arbeidsmarknadstiltak.	Frå 2012
	Vidareutvikla eksisterande turstiar med skilt og informasjonstavler.	Frå 2011
Auka bruk av naturen til fysisk aktivitet og rekreasjon.	Utarbeida turopplegg kvart år med innsamling av bokstavar eller ord, og premiering.	Frå 2012
	Arbeida for at det vert utarbeidd orienteringskart for Manger-området.	Frå 2011
	Bruka godtur.no eller andre nettressursar for å gjera kjend turløyper i Radøy.	Kontinuerleg
	Leggja til rette for at eldre og personar med nedsett funksjonsevne kjem seg ut i naturen.	Kontinuerleg
	Vera aktiv i rekruttering av treningskontaktar, og skipa til kurs for desse.	2012
Meir bruk av sjø og vatn til fysisk aktivitet og rekreasjon.	Informera og leggja til rette for å ta i bruk sjø og vatn til ikkje-motorisert aktivitet.	2013
	Betre informasjon om fiskeplassar på nettsider, i turistbrosyrer og på skilt.	2011
Etablera prosjekt innan kultur og natur.	Støtta opp om ei eventuell utviding av Sæbø landskapspark.	Kontinuerleg
	Støtta opp om «liv Og lyst» i risneskrinsen og andre tilsvarende prosjekt.	Kontinuerleg

Vedlegg 1: Større oppgåver og prioriteringar i planen

2011

Fokus på informasjon: betre rutinar for informasjonsflyt og vidareutvikla nettsidene.
Utarbeida målbruksplan.
Revidera retningsliner for kulturmidlar, kulturpris og andre tilskot innan kulturfeltet.
Vedta retningsliner for tildeling av kultur- og idrettsstipend.
Tilsetja ein ungdomskoordinator i delstilling.
Setja opp informasjonsskilt ved viktige kulturminne i kommunen.
Vidareutvikla eksisterande turstiar med skilt og informasjonstavler.

2012

Setja i gang samarbeid mellom musikkskulen og skulane om kulturskuletilbod i SFO-tida til elevane.
Fornya og opprusta kinosalen.
Leggje til rette Radøyhallen for bruk til fødselsdagsfeiring og liknande.
Gjera biblioteklokalet betre tilgjengeleg for brukarar med nedsett funksjonsevne.
Sterkare satsing på marknadsføring av Radøyhallen.
Auka bruk av Radøyhallen gjennom forsøk med auka opningstider, sommarbadning og open hall.
Kjøpa inn utstyr som kan leigast av lag og organisasjoner ved arrangement.
Auka kommunale tilskot til private idrettsanlegg.
Gje kommunale tilskot til større utbetringer av lagshus.
Auka potten for kulturmidlar og tilskot til private idrettsanlegg og andre kulturbrygg.
Utvikla møteplass for ungdom.
Registrera «barnetråkk» i Radøy.
Fullføra registreringa av faste kulturminne i heile kommunen.
Oppretta kulturvernpris.

Setja av årlege midlar til restaurering og vedlikehald av viktige kulturminne.

Gjera tilgjengeleg og skilta den gamle «langvegen» over Radøy.

Gje tilbod om musikkbarnehage i dei skulekrinsane der det er elevgrunnlag og oppretta tilbodet «Musikk frå første stund».

Utvikla tilbod i musikkskulen til born og unge med særskilt behov for tilrettelegging.

Auka talet på timar til undervisning i skulekorpsa.

2013

Byggje eit lagertilbygg til Radøyhallen.
Utvikla ferielibod til born og unge over SFO-alder.
Leggja betre til rette kommunale lokale for kunst- og kulturformidling.
Laga plan for kulturminnevern.
Oppgradera utstyr for å gjera Radøyhallen meir eigna for ulik bruk.
Laga permanente utstillingar med kulturminne på skular og barnehagar.

2014

Gjennomføra ei større markering av kommunen sitt 50-årsjubileum og grunnlovsjubileet.
Katalogisera og digitalisera alle fotografi i kommunen si eiga.

2015

Montera klatrevegg i Radøyhallen
Gje ut eitt bind med allmennsoga for Radøy.

UKM og kystsogevekene skal arrangerast kvart år, og kulturdagar annankvart år.



Vedlegg 2: Oversikt over lag, organisasjoner og forsamlingshus i Radøy kommune

I underkant av 100 lag og organisasjoner er registrerte i Radøy kommune pr. 1. januar 2011. Ein del av laga er registrerte fleire gonger, under forskjellige overskrifter. Om det er lag og organisasjoner som manglar i lista, er me takksame for tilbakemeldingar.

1. Idrett og friluftsliv

Hordabø Idrettslag
Kristen Idrettskontakt
Manger Idrettslag
Nordhordland dykkerklubb
Nordhordland Jakt- og Fiskelag
Nordhordland langbogelag
Nordhordland Pistolklubb
Nordhordland seilforening
Nordhordland Turlag
Radøy Hestesportklubb
Radøy Idrettslag
Radøy/Manger Fotballklubb
Radøy RC
Radøy Skyttarlag
Radøy sportsskyttarlag
Radøy Symjeklubb

2. Musikk

Hordabø mini- og barnekantori
Hordabø Skulemusikklag
Manger Barnekor Baluba
Manger Musikklag
Manger Old Star Brass
Manger Skulemusikklag
Radøybæljen
Radøy Brass
Radøy Damekor
Rockeverkstaden
Songlaget Alvidt/Manger
Sæbø Skulemusikklag
Sæbø Barnekor/Friends

3. Tru og livssyn

Betel Søndagskule
Kristen Idrettskontakt
Manger Indremisjon
Manger In-Puls
Menigheten Filadelfia Manger
Nordanger Indremisjon
Pinsemenigheten Betel

4. Bygdelag og velforeningar

Dale Bygdelag
Halland, Sævdals og Lauvåsen vel
Hellaneset vel
Kolstad Krinslag
Kyrhovden velforening

Manger Bygdelag
Manger grunneigarlag
Marøy rendalag
Marås Grendalag
Nedre Storheim og Kalnes Bygdelag
Nordanger rendalag
Radøy Sør grunneigarlag
Risnes Grendalag
Risnes grunneigarlag
Selfallet velforening
Sletta Bygdelag
Sætre Grendalag
Vetås Bygdelag
Urhaugen Velforening

5. Helse

Manger Helselag
Mental Helse Radøy og Austrheim
Nordhordland lag av hørselhemmedes
landsforbund
Radøy Lag LHL
Radøy Revmatikarlag
Radøy lag for funksjonshemma

6. Landbruk

Radøy bonde- og småbrukarlag
Radøy Bondelag
Radøy Sauvealslag
Manger Bondelag

7. Historie og språk

Radøy Mållag
Radøy Sogelag
Keipane kystlag

8. Ungdomslag

Hordabø ungdomslag
Manger Ungdomslag
Sæbø Ungdomslag

9. Politiske parti

Radøy Arbeidarparti
Radøy Framstegsparti
Radøy Høgre
Radøy Kristeleg Folkeparti
Radøy Senterparti
Radøy SV
Radøy Venstre
Raudt Radøy


10. Andre

Bridgelaget Strileknekten
Manger kvinne- og familielag
Marås 4H
Naturvern forbundet i Nordhordland
Nordhordland Husflidslag
Radøy Pensjonistlag
Rufy - Fritidsgruppa
Røde kors ungdom, Nordhordland

11. Forsamlingshus

Dale grendahus
Elim, Sletta
Filadelfia, Manger
Gradnatun, Bø
Hella bedehus
Kolstad Grendahus
Manger Bedehus
Marås grendahus
Nordanger bedehus
Nordanger Grendahus
Olsvoll Bedehus
Rikstad Bedehus
Risnes Skule
Samfunnshuset Skogen Sletta
Solvang, Manger
Storhaugstova, Toska
Sæbø ungdomshus
Sætre grendahus
Vågenes Bedehus «Zoar»
Vonheim, Marøy

Plass for eigne notat



RADØY
den grøne øya